

Nr. 2-2017, årgang 52.

# KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



*"Sjå liljene på marka, korleis dei veks!"*

Side 8: Sjå årets konfirmantar.

Side 10: Helsing frå soknepresten.



## Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid  
Tlf. 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid



Jan Haugen  
Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 12 02 48  
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Kristen Salmelid  
Kyrkjeverje  
Kontor tlf. 35 06 81 31  
Mobil tlf. 97 04 78 60  
kyrkjeverge.kviteseid@  
kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland  
Kyrkjelydssekretær  
Kontor tlf. 35 06 81 28  
post@kyrkjetrappa.no



Rune Lia  
Sokneprest (vikar)  
Kontor tlf. 35 06 81 32  
Mobil tlf. 90 98 08 03  
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein  
Prostidiakon, 3880 Dalen  
Mobil tlf. 91 11 35 80  
eilever@online.no

### Om bladet

Ansvarleg redaktør: Rune Lia  
Framsidedfoto: Niklas Karlsen  
Utforming: Niklas Karlsen  
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS  
Bladet er trykt på resirkulera papir.



Dagfinn Køhn  
Organist  
Kontor tlf. 35 06 81 48  
kantor.kviteseid@  
kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit  
Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 18 37 50

Bankgiro:  
Kyrkjeblad for Kviteseid,  
3850 Kviteseid  
Kontonr. 2660 10 30615  
Vipps 87960 Sundagens takkoffer.  
Vipps 87961 Kyrkjelydsarbeidet.  
Vipps 87955 Misjonsprosjektet.  
Vipps 88073 Gåve til kyrkjebladet.

D/F#
Em7
A7
Dsus4
D

D/C#
Hm7
G
Em7
Asus4
A/G


D/F#
G
Em7
Asus4
A
D

D/C
G/H
G
Asus4
A7
Dsus4
D

2 Me bryt eit brød  
 i lyse morgonstunder  
 når Herren opnar stilt sitt fargeskrin.  
 Vårt brød på bordet skaper fryd og glede  
 og gjev ei kraft til heile dagen min.

3 Me dukar bord  
 for alle kjære vener  
 når me skal plante fellesskapets blom.  
 Den gylne drikk av Andens søte druer  
 gjer smaken til ein song i hjarterom.

4 Du livsens ord  
 er brødet som me deler  
 på denne vandring under jordlivs kår.  
 Takk Herre Krist for omsorg og den føde  
 som nærer tru igjennom alle år.



## Den løyndomsfulle boka

Av Olav Mosdøl

Ordet er ei gåve til slektene. Det gjev mennesket ei skapande kraft. Me opnar Visdomens Bok og let augo kvile på budskapet til Johannes: "I opphavet var Ordet, og Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud."

Ordet har sin løyndom. Korleis forma mennesket det fyrsteordet? Kvar kom det frå? Filosofane og granskarane har undrast gjennom

generasjonar. Dei har streva med skrifta på den tretusen år gamle diskosen frå Faistos på Kreta. Dei har fryda seg over tydinga av skinrullane frå holer ved Daudehavet. Dei har høyrte vinden suse gjennom ruinar frå det gamle Ur i Kaldea.

Bibelen er skattekista til ordet. Denne underlege samlinga har vorte til gjennom femtenhundre år, og dei sekstiseks skriftene er forma av ei rekkje forfattarar. Fyrst møter me dei storslegne opningsorda: "I

opphavet skapte Gud himmelen og jorda. Jorda var aud og tom, og mørkret låg over havdjuget. Men Guds Ande-sveiv over vatnet."

Vidare stig personane fram: Abraham, Moses og den fattige gjetaren Amos. Han levde av fruktene på morbærtreet, og måtte bere bod om ein straffedom over folket sitt: "Eg gjer dykkar festar til sørgjehøgtid og alle dykkar viser til klagesong."

Kong Salomo ber fram dåmen av kjærleiken: "Kom sønnavind! Blås gjennom min hage, så angen får strøyme fritt. Gjev min ven ville kome til sin hage og ete hans herlege frukt!"

I evangelia møter me den gjenomgripande bodskapen til Jesus Kristus. Han stig inn i tilværet og omskaper situasjonar og menneske: Blinde får syn, lamme kan gå. Motstandarar blir fylgjesveinar. Det skjedde også med den lærde Saulus, som var kjend over store område i Austerland. Han gjev innsyn i den greske kulturen og illustrerer spennet i den kristne læra på ein sterk måte: "Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje træl eller fri, her er ikkje mann eller kvinne; de er alle ein i Kristus."

Dei som har skrive ned openberingane og opplevingane, er ulike

personar. Den sosiale bakgrunnen varierer mykje, tidbolkane er lange. Likevel har Bibelen ein gåtefull heilskap. Han syner livet som i ein spegel, gjev seg ut for å vere Ordet til heile manneætta. Han engasjerer alle typar menneske: arbeidarar, vitskapsmenn og diktarar. Dei som dukkar ned i kjeldene, oppdagar store rikdomar.

Kva er det lokkande ved Livsens Bok? Eitt svar stig fram gjennom denne vesle saga: - Tre kloke menn var på vandring gjennom blomeenga. Det var ein vakker dag for bonden, geologen og kunstnar- en. Fuglane kvitra, og den milde sommarvinden leika mellom trea. Alle gjekk i djupe tankar over markene. Bonden såg på alt høyet han kunne få, og tenkte på sauene. Geologen undrast over jordsmonnet og minerala i grusen. Målaren forma eit bilete i fantasien med gule, blå og raude blomar under ei stor og dirrande sol.

Dette er det løyndomsfulle: Alle som les, vil finne noko. Dei oppdagar at boka er som eit personleg brev. Ho talar direkte og ber fram ei kjærleg helsing.



## Jesu dåp

*Kyrkjebladet presenterer i dette nummeret det andre av dei nye ikona i Vrådalen kyrkje. Ikonforklaringa er skriven av Hæge Aasmundtveit:*

Fra klippeformasjonene styrter elven Jordan ned som en loddrett vegg, slik regelen tilsier i ikonmalingen. På venstre elvbreidd står Johannes Døperen som lett gjenkjennes på hans rufsete hår og skjegg. Han strekker hånden ut mot Jesus som står i vannet for å døpes. Tre engler med tildekkede hender deltar i det hellige ritualet. En lysstråle fra en sirkelsektor øverst i bildet, symbolet på Gud Faders nærvær, senker seg ned over Jesus. I strålen viser Den

hellige ånd seg i en dues skikkelse. Lysstrålen deler seg i tre, et bilde på Treenigheten.

Kirkefesten som feirer Kristi dåp blir også kalt Epifania, Åpenbaringsdagen, siden Jesu dåp er en manifestasjon av Kristus som Guds Sønn ved begynnelsen av hans frelsesgjerning. Jesu dåp har to fundamentale aspekter. På denne dagen ble dogmet om en Gud i tre personer åpenbart for menneskene. Johannes Døperen hørte Faderens stemme som sa: "Dette er min Sønn, den elskede" og så Ånden i form av en due. Dagen markerer også begynnelsen på kirkens dåpspraksis.



## Du er en røst som roper ut til alle

Du er en røst som roper ut til alle:  
i urenhet og synd er folket kledd!  
Ved foten vår er øksen, vi skal falle;  
om ikke vi gjør bot ved Jordans  
bredd.

Men han som nå trår stille ut i  
vannet,  
han vil du ikke døpe, han er ren.  
Du ber ham; "Spør meg heller om  
alt annet,  
jeg rydder gjerne veien – sten for  
sten."

Han ber deg likevel å la det hende,  
for slik skal syndens makt gå mot  
sin ende.  
Du lar det skje, selv om ditt hjerte  
spør;

"Skal dette vannet slukke livets  
flamme?"  
Han reiser seg, går opp som  
offerlammet:  
Hans skuldre bærer jordens tunge  
bør.

*T: Sven Aasmundtveit*



## Konfirmantar våren 2017

1.rad f.v.: Signe Øy, Hedda Blomstadli Lønnegraff, Åshild Tveiten, Kristine Haugestøl og Cathrine Golid Haugan.

2.rand f.v.: Sokneprest Rune Lia, Astrid Farmen Aabø, Tone Berge, Eskil Sanden og Gunhild Kvålseth.

3.rad f.v.: Lars Aron Fosse Didriksen, Lars Gunnar Kvamme, Tov Ola Sandland, Asle Hansen og Lars-Mikkal Skogheim.



Lønning Solvang, Mari Bjåland Barstad, Ingrid Slette-meås, Nina Lindestad, Tarjei Sigurdslid, Silje Stykket, Edle Kleiv Haugen, Wilma Degnes Grave, Kjartan Lid, Lars Olav Slette-meås, Georg Eikland

## Kjære kyrkjelyd

I skrivande stund, 2.pinsedag, skin sola og sommaren er her for fullt. Og det er tid for å forme nokre ord til kyrkjebladet sitt sommarnummer. Det vert mitt siste kyrkjeblad i denne omgang, og eg vil nytte høvet til å gje nokre glimt frå den tida eg har vore prest her i Kviteseid. Noko lang tid vart det ikkje, men mykje lengre enn det først låg an til. Då eg byrja før påske i fjor, var meldinga at eg måtte rekne med å vere her fram mot sumaren. Men så kom den ingen søkjarar, og vikariatet vart forlenga i fleire rundar. Og det enda opp med at fekk gleda av å konfirmere ein fin flokk på 24 konfirmantar, i fire kyrkjer, no i vår. Mi siste gudsteneste vert sundag 20.august, i gamlekyrkje, i samband med Landstaddagene 2017.

### Konfirmantane

Noko som var nytt for meg før eg kom hit til Kviteseid var ordninga med konfirmantar som ministrantar, altså medhjelparar i gudstenestene. Det har vore ei glede å ha konfirmantane med. Dei har gjort denne tenesta på beste vis. Foreldre og kyrkjelyd har all grunn til å vere stolte. Det var det fyrste glimtet eg ville nemne for lesarane, konfirmantar med vakne auge og forsiktige smil, som ber lys og kross og gjer sann gudsteneste.

### De som mista nokon

Så ser eg for meg de som mista nokon siste året. Eg ser fortvilte auge, kva no? Korleis vert dagane etter dette? Er

det mogleg å få ein einaste glad dag i tida som ligg framom? Og spørsmåla som kom, kvifor slik, kvifor no? Eg har fått eit glimt inn i dykkar smerte. Men ikkje berre dykkar smerte. Og dykkar takksemd. Takk etter mange år. Takk etter mange fine stunder. Takk for omsorg. Eg ser for meg samtaler der smila kjem sjølv om augo er blanke. Me menneske er til for kvarandre, her i Kviteseid som alle andre stader. Det merkast.

### Songen

Mange gonger har eg kjent songen i ryggen der eg har stått framom altaret. Ingen prestar gløymer slikt. Å merke at kyrkjelyden tek del, med heile seg og av full hals, gjer ein både audmjuk og glad. Kjære kyrkjefolk, tak vare på songgleda, nytt alle høve til å kome saman og synge.

### Ikonar og anna kyrkjekunst

Vrådal har siste året vore så heldige å få fire nye ikonar, bilete som heng to på kvar side av altartavla. Dei vert presentera i Kyrkjebladet frametter. Ikonane er godt tilpassa altartavla og kyrkjerommet, og vil vera ein rikdom for alle i Kviteseid.

Og så har me fått møte noko av Borgny Svalastog sin kunst, i form av monotypier, enkeltrykk, med inspirasjon frå Landstad sine salmar, som for tida heng i Brunkeberg, Fjågesund, Vrådal og Kviteseid. Eg vil særleg hugse då me alle stod i koret Kviteseid kyrkje, og song «Frå fjord og fjære», og tok inn inntrykka frå bileta som for tida heng der. Svalastog sine bilete vil

bli hengande til over sommaren.

### **Kvar søndag? Nei, dessverre.**

Kyrkja slit, med pengemangel. Det er ikkje lenger messe kvar søndag i Kviteseid. I fjor vart talet på gudstenester skore ned, etter vedtak i bispedømmerrådet om innsparingar. Ein søndag i månaden er det no ikkje noka gudsteneste. Slik treng det ikkje vere. Det er fullt mogeleg, om Kvitseidingane sjølv vil, å kome saman til gudsteneste kvar søndag. Det handlar om økonomiske midlar. Med eit enkelt spleiselag av godt gammalt merke kunne ein kome tilbake til ordninga slik den var før, med gudsteneste kvar søndag. Kvar søndag, og heilagdag, er kyrkjedag, òg i Kviteseid.

### **Eit sokn, fleire kyrkjer, mange grender**

I fjor vart Vrådal sokn, Fjågesund og Kilen sokn, Brunkeberg sokn og Kviteseid sokn slått saman til berre eit sokn, Kviteseid. Det tyder at når me no snakkar om kyrkja i «Kviteseid», så er det ikkje berre «byen» og området i nærleiken, men heile det som er Kviteseid kommune reint geografisk. Så alle som bur i Vrådal, Fjågesund, Kilen, Brunkeberg og Kviteseid, og alle store og små grender, høyrer med når me snakkar om Kviteseid sokn. Det er ein uvant tanke, og det trengst tid for at den skal sige inn. Men i vår tid med gode vegar og raske bilar, er det ikkje noko problem å køyre til den av dei vakre kyrkjene som har gudsteneste. I den grad det er noko problem med det, så sit det mellom øyrene, og ikkje

i beina. For gamle vaner er vonde å vende, som me veit. Dessutan kunne kanskje nokon tenke, kva gjer han eller ho her..? Nei, slik er det er sjølv sagt ikkje. Når nokon kjem, som har køyrt nokre kilometer lengre enn andre, så er det slik det er, i bilens tid, og eg har berre sett gode smil og varme handtrykk.

Alle dei seks kyrkjene me har er som smykke å rekne. Kviteseid, og då meiner eg altså heile Kviteseid sokn, er i særklasse heldige som har slikt eit smykeskrin av nokre gudshus. Det å feire gudsteneste i desse ulike kyrkjene etter tur, kan gjere gudstenesteopplevinga endå rikare. Dei ulike romma talar med kvar sitt eige språk. Det gjeld å lytte, og sjå.

Lat oss nytte alle desse flotte gudshusa kvar søndag, komme saman, syngje saman, feire saman.

### **Tur**

For å styrke samkjensla på tvers av grender og gamle soknegrenser, så vart me i fjor haust einige om å dra på tur saman. Kyrkjelydsturen i år gjeng til Stiklestad og Spelet om Heilag Olav, med ymse stopp og avstikkarar både oppover og tilbake. Me trur at 6 dagar på vegen i buss, med felles opplevingar og inntrykk, gjer noko med ein. Eg gler meg til turen.

Med desse linene takker eg for meg. Det har vore ei fin og rik tid. Guds signing til dykk alle.

Med helsing Rune Lia

# Velkomen til Landstaddagane

SELJORD OG KVITSEID  
18.–20. august 2017

Eit hovudverk i alt det M.B. Landstad redde frå gløymsla ved å lytta til folk og skriva ned det han hørde, er den enorme samlinga Norske Folkeviser (1853). Denne kjem som band 4 (del I og II) i serien med Landstad-skrifter. Folkevisene er det eine hovudtemaet for Landstaddagane dette året, 18.–20. august. ØRNULF HODNE, som har skriva innleiing og kommentarar til band 4, vil visa kva for ein kultur ein kan lesa ut av desse gamle visene.

NINA S. ALNÆS vil i si førelesing setja dei norske folkevisene inn i eit europeisk perspektiv.

I år er det 500 år sidan Martin Luther sette fram dei 95 tesane om avlatshandelen, som vart starten på reformasjonen. Vi vil vera med i markeringa av dette ved å henta fram eit anna av skriftene til Landstad: Martin Luthers aandelige Sange, oversatte og med Anmærkninger ledsagede (1855). Dette er det andre hovudtemaet i år. Landstads arbeid med Luther-salmane vert presentert av ANDERS ASCHIM.

Som vanleg tek Landstaddagane til med ein konsert fredag kveld. I år er denne konserten lagt til Brunkeberg kyrkje. Ein vil få høyra – og syngja! – Luther-salmar, både med dei opphavlege koralane og med våre vakre folketonar.

## FOREDRAGSHALDARANE

Ørnulf Hodne er folklorist, dr. philos.

Nina S. Alnæs er litteraturvitar og dr. philos.

Anders Aschim er teolog, bibelomsetjar, og professor i religion, livssyn og etikk ved Høgskolen i Hedmark, dr. Philos.

## MUSIKAR

Kari Lønnestad, Bø, kvedar, leiar for Folkemusikkarkivet i Telemark

## Prisar:

Konsert fredag kveld: kr. 200,-  
Seminaravgift: kr. 500,- fam. mod.  
2 for kr. 600,-  
Lunsj kr. 230,- og middag kr. 410,  
Nutheim

## Påmelding til seminar laurdag:

K. J. Nenseter, j-nenset@online.no,  
tlf. 951 32 489  
Seminaravgift sender ein til konto  
2711.21.62521,  
Nasjonalt Landstadsenter, innan  
påmeldingsfristen

**Påmeldingsfrist: 15. august  
2017.**

Oppgi gjerne e-postadresse.

**Arrangør:** Stiftinga Nasjonalt  
Landstadsenter

Takk til Synnøve Grøstad og Ellen  
Grøstad Barstad for bruk av lokale.

Landstaddagane er støtta av: Sel-  
jord kommune, Kviteseid kom-  
mune og Fritt ord.



**FREDAG 18. AUGUST**

kl. 19.30                      Open konsert i Brunkeberg kyrkje. Luther og  
Landstad - i folkeleg og klassisk tradisjon.

**LAURDAG 19. AUGUST**

kl. 09.30                      Seminar i atelieret til Terje Grøstad, Nutheim, Flatdal.  
kl. 10.00                      Mottak og registrering  
kl. 10.00                      Opning  
Ørnulf Hodne: Kulturen i folkevisene  
Folkemusikalsk innslag ved Kari  
Lønnestad: Balladar og folkeviser  
kl. 12.00                      Lunsj, Nutheim Gjestgiveri  
Nina S. Alnæs: De norske folkevisene i europeisk  
perspektiv  
Anders Aschim: Landstads arbeid med Martin  
Luthers salmer  
Spørsmål og samtale  
kl. 19.00                      Middag, Nutheim. Sosialt samvere, kulturelt innslag

**SUNDAG 20. AUGUST**

kl. 11.00                      Gudsteneste i Kviteseid gamle kyrkje v/ sokneprest  
Rune Lia, preike v/ Torleiv Austad  
Etter gudstenesta:      Sal av mat. Kulturprogram på bygdetunet.

*Vi tek atterhald om programendingar*



## Døypte

Vrådal: Emil Snaunes.  
Kviteseid: Maren Stensrud  
Flatland.  
Lycke Lundeberg.  
Brunkeberg: Line Haugholt Aarhus.  
Mari Åmot Roe.  
Øyvin Gravir Ståland.

## Gravlagde

Vrådal: Ingebjørg Marie  
Øvrebø.  
Johan Kåre  
Straumsnes.  
Nils Trygve Nord  
Naper.  
Kviteseid: Birgit Andersen.  
Hallvard Åbø.  
Signe Miriam  
Waldenstrøm.  
Brunkeberg: Signe Veting.  
Sigrid Dalen.

*Meir himmel på jorda*

# Oppslagstavla

## Ønskjer du skyss til gudstene-este?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

## Loppemarknad i Vrådal

Den årlege loppemarknaden på Bedehuset er laurdag 15. juli kl. 10. Auksjon kl. 12. Som vanleg blir det posesal etter auksjonen. Det blir andakt og sal av kaffi, saft og vaflar. Har du lopper å gje, ring 99516348 på førehand. NB Kontant sal.

## Trygve Naper i tonar, ord og bilete

Sundag 17. september kl.16 har Vrådal Normisjon si fyrste songsamling på hausten. Då står Trygve Napers dikt og songar i fokus. Gunstein Draugedalen, som har skrive melodiar til Trygves songar, vil syngje og spele. Harald Naper vil fortelje om far sin og vise naturbilete og fotografi av Trygves måleri og teikningar, og bileta vil Harald knyte til ulike tema i songane. Set av dagen og kom! Dette vil bli ein fin kveld.

## Føremiddagstreff

Fyrste føremiddagstreff i haust blir onsdag 27.september på Misjonshuset i Kviteeid.

## MØTE PÅ MISJONSHUSET I KVITeseid - HAUSTEN 2017

### AUGUST

Sundag 20. kl. 11.00: 0-100-  
Sundagssamling. Opningsfest  
Tysdag 22. kl.19.30: Møte  
Tysdag 29. kl.19.30: Møte

### SEPTEMBER

Tysdag. 5. kl.19.30: Møte  
Sundag 10. kl.11.00: 0-100-  
Sundagssamling  
Tysdag. 12. kl.19.30: Møte  
Tysdag. 19. kl.19.30: Møte  
Sundag 24. kl.11.00: 0-100-  
Sundagssamling  
Tysdag. 26. kl.19.30: Møte

### OKTOBER

Tysdag. 3. kl.19.30: Møte  
Tysdag. 17. kl.19.30: Møte  
Sundag 22. kl.11.00: 0-100-  
Sundagssamling.  
Tysdag. 24. kl.19.30: Møte  
Sundag 29. kl.11.00: 0-100-  
Sundagssamling. Markering av  
Lutherjubileet.  
Tysdag. 31. kl.19.30: Fellesskapskveld.  
Markering av Lutherjubileet.

Returadresse:  
**Kyrkjekontoret**  
**Kviteseidgata 13**  
**3850 Kviteseid**

# Gudstenester

## JULI

**Sun. 2. 4. s. i treeiningstida Mark 10,17-27**  
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Eilev Erikstein.  
Ofr. Dei fire diakoni-institusjonane.

**Tors. 6. Kveldsbøn**  
Kviteseid gamle kl.19.30. Eilev Erikstein.

**Sun. 9. 5. s. i treeiningstida Matt 7,15-20**  
Vrådal kl.11. Gudsteneste. Nattverd.  
Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Nepal.

**Tors. 13. Kveldsbøn**  
Kviteseid gamle kl.19.30. Eilev Erikstein.

**Sun. 16. Aposteldagen/6. s. i treeiningstida Luk 5,1-11**  
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.

**Tors. 20. Kveldsbøn**  
Kviteseid gamle kl.19.30. Richard Svane.

**Sun. 23. 7. s. i treeiningstida Luk 15,1-10**  
Brunkeberg kl.11. Gudsteneste. Richard Svane.  
Ofr. Kristent Interkulturelt arbeid (KIA)

**Tors. 27. Kveldsbøn**  
Kviteseid gamle kl.19.30. Øyvind Mæland.

**Sun. 30. 8. s. i treeiningstida Matt 6,19-24**  
Inga gudsteneste.

## AUGUST

**Sun. 6 9. s. i treeiningstida Matt 11,28-30**  
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. Kvitsund Gymnas.

**Sun. 13. 10. s. i treeiningstida Luk 5,27-32**  
Kilen kl.12. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Felles med Seljord og Lunde.  
Ofr. Kirkens SOS. Kyrkjekaffi ute.  
Ta med niste, termos og campingstol.

**Sun. 20. 11. s. i treeiningstida Matt 23,37-39**  
Kviteseid Gamle kl.11. Landstadgudsteneste.  
Rune Lia. Torleiv Austad. Nattverd.  
Ofr. Nasjonalt Landstadsenter.  
Kyrkjekaffi og sal av lapskaus. Kåseri på kyrkjebakken ved Herleik Baklid.

**Sun. 27. 12. s. i treeiningstida Ef 2,1-10**  
Kviteseid Gamle kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Kviteseiddagen på bygdetunet.  
Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Nepal.

## SEPTEMBER

**Sun. 3. 13. s. i treeiningstida Matt 25,14-30**  
Kviteseid kl.11. Innsetjingsgudsteneste for Møyfrid Lunde. Asgeir Sele deltek.  
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet. Fest på Misjonshuset.

**Sun. 10. Vingardssundag/14. s. i treeiningstida Matt 20,1-16**  
Inga gudsteneste i Kviteseid. Gudsteneste på Dyrskuplassen i Seljord.

**Sun. 17. 15. s. i treeiningstida Matt 7,24-28**  
Kviteseid kl.11. Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde. Kviteseid Barnegospel.  
Kyrkjebok til 4-åringar frå heile kommunen. Oftr. Bibelomsetjing i Etiopia (NLM/Wycliffe).

**Sun. 24. 16 s. i treeiningstida Mark 7,31-37**  
Vrådal kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. Menneskeverd.